

KVINNHERAD KOMMUNE
Rosendalsveien 10
5470 Rosendal

Kommunedelplan for samferdsle 2020-2028 - Kvinnherad kommune

Vestland fylkeskommune viser til Kvinnherad kommune sitt planprogram for kommunedelplan for samferdsel som er på høyring. Frist for uttale er 18.08.2020. Formålet med planen er å sikre ein heilskapleg samferdselspolitikk der strategiar, ressursar og planer vert samordna. Det er lagt opp til ein tredeling av planen:

1. Overordna mobilitetsstrategiar
2. Rullering av trafikksikringsplanen
3. Hovudplan for vegar i kommune

Fylkeskommunen vurderer denne inndelinga som formålstenleg, og våre innspel vil følgje dette oppsettet.

Overordna mobilitetsstrategiar

Kommunen har mellom anna fokus på korleis klimagassutslepp kan reduserast, og legg FN sine berekraftsmål til grunn for arbeidet. Vidare er det vist til viktige nasjonale forventningar og retningslinjer. Dette er positivt. Fylkeskommunen vil særskilt trekke fram dei nasjonale måla som er nedfelt i *Statlige planretningslinjer for samordnet bolig-, areal- og transportplanlegging* som vart vedteken i 2014. Hensikta er at planlegging av utbyggingsområde og transportsystem skal legge til rette for mest mogleg effektiv og miljøvennleg transport slik at transportbehova kan reduserast. Oppfølging av dei nasjonale målsettingane er innarbeid i regionale styringsdokument, til dømes i *Regional plan for attraktive senter i Hordaland* og *Regional transportplan for Hordaland*.

Kvinnherad kommune har spreidd busetnad og uklar senterstruktur. Dei fleste reisene skjer med privatbil, og difor er det viktig å sikre mobilitetsstrategiar som fremjar trygge og miljøvennlege reisealternativ. Rolla som arealforvaltar gir kommunen eit særskilt ansvar for å unngå utbygging i områder som ligg langt unna viktige målpunkt som skole, butikk og kollektivtilbod. Arealplanar må vurderast ut frå nærleik til slike målpunkt, frekvens på kollektivtilbodet, samt trygge ferdselsårer for mjuke trafikantar. Der det manglar eit tilfredsstillande gang- sykkeltilbod bør det stillast rekkjefølgjekrav til utbyggar om dette.

Etter folkehelselova skal både fylkeskommunen og kommunen fremme folkehelse innan dei oppgåvane dei er satt til å forvalte. For kommunane gir lokal utvikling og planlegging tilgang på verdifulle verkemidlar i arbeidet med å legge til rette for aktiv transport.

Rullering av trafikksikringsplanen

Fylkeskommunen ser positivt på at ein ved revisjon av trafikksikringsplanen (ts) no vil innarbeida denne i ein heilskapleg kommunedelplan for mobilitet, veg og trafikktryggleik. Arbeidet med mobilitet og trafikktryggleik heng tett saman. Tryggleik er ein avgjerande faktor for at folk skal ta fram til fots eller på sykkel i staden for bilen. I det lange løp er arealpolitikken avgjerande for at

fleire kvardagsreiser kjem innanfor gå- og sykkelavstand, og at mjuke trafikantar og biltrafikken i mindre grad kjem i konflikt med kvarandre.

Det er positivt at kommunen har gjennomført ei evaluering av eksisterande ts-plan, med klare tilrådingar for ny plan. Det kjem ikkje fram av framlegget til planprogram i kva grad ein har evaluert planen som verktøy for ts-arbeidet med dei ikkje-fysiske tiltaka. Om ikkje dette er vurdert vil vi rå til at kommunen gjer seg nokre tankar om dette.

Planprogrammet skisserer eit opplegg for medverknad som sikrar deltaking og innspel frå viktige målgrupper, som barn og unge, eldre og menneske med nedsett funksjonsevne. Det er i tillegg skissert at lokale ts-planar ved skulane, eksisterande Barnetråkk-analysar og ei kartlegging av særleg farleg eller vanskeleg skuleveg skal nyttast til innhenting av relevant informasjon. I samspel med fagpersonar vil dette gi eit godt grunnlag for kartlegging av utfordringar og prioritering av tiltak. Ved behov kan kommunen vurdere å gjennomføra nye Barnetråkk-analysar.

Me syner elles til vårt innspel (dagsett 27. april 2020) til trafikktryggingsplanen, sendt i samband med at de varsla oppstart av revisjonsarbeidet.

Hovudplan for vegar i kommune

Kvinnherad kommune har vedtatt å legge hovudplan for veg inn under kommunedelplan for samferdsel.

Vestland fylkeskommune er samd i at dette vil vere eit godt styringsverktøy.

Saman med Trafikksikringsplanen vil dette verktøyet sette kommunen betre i stand til å utføre eit heilskapleg og langsiktig utbetring og vedlikehald og vegnettet.

Aktuelle lover

I høyringsversjon av Kommunedelplan Samferdsle 2020-2028 står det at hovudmål for hovudplan for vegar mellom anna er:

- Setje krav til standard og norm
- Forsvarleg driftsnivå

Vi vil peike på dei mest aktuelle lovene som direkte berører desse hovudmåla:

- Veglova
- Plan- og bygningslova
- Vegtrafikklova

Vegnormalar

For vegstandard er det ein rekke Normalar i form av handbøker nedfelt frå veglova og Vegtrafikklova.

Normalane gjeld for offentleg veg og slik også kommunal veg.

For kommunale vegar kan kommunen definera sine eigne normalar innanfor ramma for desse handbøkene.

Handsaming av fråvik

Kommunen bør i planen legge opp til ein rutine for handsaming av saker der krav til standard ikkje kan oppnås.

Her bør det vere ei nemnd som har mynde til å vedta løysingar som ikkje stetter krav i kommunen sine normalar, men som likevel er sikre og gode løysingar.

Vestland fylkeskommune ynskjer Kvinnherad kommune lukke til med det vidare arbeidet.

Med helsing

Håkon Rasmussen
fylkesdirektør

Gunhild Raddum
seniorrådgjevar

Brevet er elektronisk godkjent og har difor inga handskriven underskrift

Sakshandsamarar:

Terje Vidar Hoel - avdeling for infrastruktur og veg
Even Vaular - avdeling for infrastruktur og veg